

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 03.11.2016

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: PS 105/16, 96-104/16, 106-107/16.

### INNSENDE SPØRSMÅL

I samband med budsjettet har **Marthe Hammer (SV)** bede om at utval for miljø og samferdsel får ei orientering om kostnadene ved nye ferjekontraktar, helst eit skriftleg notat med talmateriale.

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

**Marthe Hammer (SV)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

#### «Ferjekapasiteten på sambandet Utne-Kvanndal.

Dagleg står det bilar att, folk veit ikkje om dei kjem med. Nyeferja "Utne" tek 40 bilar eller 4 trailerar, og når den er full, vaskar sjøen bildekket. I tillegg er Rv 13 stengd ved Deildo for tida - så desse vekene er akutte. Men kapasiteten er for liten på jamnen - 2-3 gonger dagleg står det bilar att - både i Kvanndal og på Utne.

1. Kva kan gjerast på kort og lang sikt for å betra tilhøva?
2. Kva er avtalen med ferjeselskapet og kva er deira ansvar i høve til å få trafikken unna?
3. I dag kom "Fitjar" og såleis er kapasiteten truleg på plass denne veka, men kvifor to ferjer og to mannskap, når konsesjonen til denne ferjestrekningen er gitt til ei ferje som Hardingen, som har større kapasitet?»

Direktøren i Skyss svarte munnleg på spørsmålet. Hammer bad også om skriftleg svar.

### ORIENTERINGAR

Utval for miljø og samferdsel er politisk kontaktutval for Regional transportplan (RTP). Det var lagt opp til statusgjennomgang og drøfting:

- Orientering om prosessen v/Marte Hagen Eriksrud frå samferdselsavdelinga, transportplanseksjonen.
- Hordaland – lågutsleppssamfunnet på veg. Gjennomgang av bakgrunnsnotatet RS 78/16 om låg- og nullutsleppsteknologi i vegtrafikken v/Einar Aalen Hunsager frå regionalavdelinga, seksjon for klima- og naturressursforvaltning.
- Rullering av Strategi for drift og vedlikehald v/John Martin Jacobsen, samferdselsavdelinga, vegseksjonen og Olav Finne frå Statens vegvesen

#### Nytt frå Skyss v/Oddmund Sylta

- Tildeling ferje, rutepakke 1:  
Samband i rutepakke 1, minstekrav knytt til miljøverdiar og tildelingskriterium, konkurransesituasjonen, prosess og resultat
- Brann på MF «Strand» 28. oktober under verkstadopphald
- Ekstra kapasitet ferjestrekningar – kva for muligheiter finst
- Ferje Kvanndal – Utne. Avvikssituasjon som følge av stengt Rv 13 Deildo

#### Nytt frå Statens vegvesen v/Olav Finne

- To vegopningar måndag: Romarheimsdalen og Flatøy.
- Situasjonen på Rv 13 Deildo. Vegstenginga vert forlenga.

**OPEN TIME**

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)**, supplert av **Svein Halleraker (H)** og **Stein Inge Ryssdal (H)**, stilte seg kritisk til at så mange representantar gjekk før møtet var slutt. Søknad om permisjon var ikkje meldt på førehand, slik at vara kunne kallast inn. Sjå fram møteprotokollen. Utvalsteiaren vil sjå nærare på problemstillinga.

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** stilte slikt spørsmål:

«Korleis kan Skyss/fylkeskommunen på best mogleg måte profilere snøggåten i Sunnhordland som eit reiselivsprodukt på same måte som Norled gjer nordover i fylket?»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** bad om følgjande:

«Ber om å få en sak til MISA om hvordan HFK kan bidra til å sikre både fortsatt og økt produksjon av biogass ved anlegget i Rådalen.»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar

**Renate Møgster Klepsvik (Frp)** stilte slikt spørsmål:

«Eg syner til at FosenNamsos Sjø har varsla ein prisauke på billettprisane på 7,8 % frå 2017. Dette er ein auke som råkar folk flest, pendlarar og næringslivet hardt. Ytterlegare auke kjem i 2018.

Spørsmål 1: Står ferjeselskapa fritt til å auke billettprisane innanfor kontraktperioden?  
Spørsmål 2: Kva kan evt. me som fylkespolitikarar gjera for å påverka denne utviklinga?»

På spørsmål 1 svarte direktøren i Skyss at fylkestinget har vedteke å følgje regulativet for ferjetakstar. Svaret på spørsmål 2 er at fylkeskommunen står fritt til å fastsetje takstar på fylkesferjesambanda.

**Jarle Jacobsen (KrF)** stilte slikt spørsmål:

«Hvilke utredninger er gjort angående å vurdere Osterøyferga inn i «fylkesferjene?»»

Fylkesdirektør samferdsel viste til at det har vore fleire saker framme om tilskot til sambandet og spørsmål om å ta det opp som fylkeskommunalt samband. Jf. PS 195/12 til fylkesutvalet.